
Saknr: 2020/960-3
Saksbehandlar Matti Torgersen
Dato: 05.02.2020

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet.
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Frist for høyringsfråsegn til Nasjonal transportplan - Avslag på anmodning om utsett frist

Samferdselsministeren har i brev datert 21. november 2020 invitert fylkeskommunane til å kome med innspel til Nasjonal transportplan 2022-33. Frist vart sett til 14. mai. Sjå

<https://www.regjeringen.no/contentassets/6f6cae4b119f42328fb42d979b4b9b94/ntp-2022-2033-innvitasjon-til-a-komme-med-innspill-om-prioriteringer-pa-transportområdet.pdf>

KS søkte på vegner av ein rekkje fylkeskommunar - m.a. Vestland fylkeskommune - om å få utsett frist til 20. juni. Dette både grunna at fylkeskommunen har fylkesting i juni, og grunna av at transportverksemdene skal levere eit grunnlagsdokument for NTP med frist 13. mai 2020.

Vedlagt følgjer avslag på søknaden om utsett frist frå Samferdselsdepartementet datert 3. februar 2020.

Nasjonal transportplan gir rammer for samferdselspolitikken framover, og er fastsett infrastrukturutvikling for ein lang periode framover. Dokumentet er etter fylkesrådmannen si meining såpass sentral for samfunnsutviklinga på Vestlandet at saka bør handsamast av eit samla fylkesting. Fylkesrådmannen rår difor til at det vert fastsett eit ekstraordinært fylkesting for å handsame Nasjonal transportplan, og vil kome attende til dato for dette. Saka vil bli handsama av Hovudutval for samferdsel og mobilitet og fylkesutvalet 30 april og deretter i ekstraordinært fylkesting i første del av mai 2020.